

Miljøverndepartementet
Pb 8013 DEP
0030 OSLO

Saksnr.	Arkivkode	Saksh.	Dykkar ref.	Dato
13/3375 - 2	120/ / &13	Karl Ole Midtbø - 56575252		21.10.2013

Høyring - Ny statlig planbestemmelse for lokalisering av kjøpesentre og handel

Vi syner til høyringsbrev, dagsett 03.09.13.

Saka vart handsama av Os formannskap 08.10.13. Vedlagt finn de uttrekk av protokoll frå møtet, der det går fram at os kommune ynskjer å la seg høyra slik i saka:

Høyring: Utkast til «Statlig planbestemmelse for lokalisering av kjøpesentre og handel»

Miljøverndepartementet inviterer kommunen til å koma med høyringsuttale vedk ovannemnde dokument.

Administrasjonen har vurdert saka, og vil knyta følgjande merknader til nokre av paragrafane: Det vert samstundes gjort framlegg om at dette vert gjeve som høyringsuttale i saka:

§ 1 Føremål

Slike føresegner som det her er snakk om har -og vil ha - stor påverknad på korleis regionen og lokalsamfunnet vil kunna utvikla seg i åra frametter. Slik administrasjonen vurderer det er det ikkje vanskeleg å kunna slutta seg til dei positive motiva som er lagt inn i delar av føremålet som er gjeve; å bidra til samfunnsøkonomisk effektiv arealbruk og leggja til rette for miljø- og helsefremjande transportval. Dette skal m.a. gjerast ved å lokalisera handel i tilknytning til tettstader med god kollektivdekning og tilgjenge med sykkel og gange. Det er vidare også enkelt å sjå at dette vil kunna styrkja eksisterande tettstader, for vår del Osøyro som handlesenter for oss.

§ 2 Reglar for lokalisering av kjøpesentra og handel

Ved fyrste gjennomlesing kan det verka lett å vurdere utkastet som fornuftig og framtidsretta. Det kan likevel vera svært krevjande å setja opp føresegner som skal styra slikt gjennom fastsetting av t.d. heilt konkrete tal for kvadratmeter som skal tillatast pr. verksemd. I framlegget vert det slått fast at verksemdar som ynskjer å etablere seg utanfor tettstaden ikkje må overstiga 3000 m2, dersom dette ikkje gjeld spesifikke verksemdar der dominerande vareutval er; bilar, båtar, landbruksmaskiner, trelast / større byggjeverar og utsal frå hagesentra eller planteskular.

For slike verksemdar vert det akseptert eit større areal enn 3000 m², og for Os sitt vedkomande er det meir eller mindre opplagt at slike verksemdar naturleg høyrer heime utanfor det som vert rekna som tettstaden vår (jfr det vi har definert om sentrum). Dette vil såleis høva fint i samband med utviklinga av det nye næringsområdet Lyseparken.

Med tanke på utviklinga av vårt eige lokalsamfunn, inkludert tettstaden Osøyro, kan det vera grunn til å spørja om det ikkje hadde vore betre med ei noko anna innretting på det samla sakskomplekset. Mange vil hevda at verksemdene som er nemnd som akseptable for areal større enn 3000 m² er noko snevert. Det vert frå fleire m.a. a peika på kvitevarer og brunevarer, og det er også eit faktum at ein del andre bransjar også ofte er ute etter større areal. Her kan nemnast verksemdar som Biltema, elektrokjeder, Julia o.l. – eller samanslutningar av slike. Slike vert her rekna som detaljhandel og kan, dersom dei krev meir enn 3000 m², verta ekskludert frå etablering i t.d. Lyseparken. I og med at det viser seg at desse verksemdene ofte er volumiøse er det også krevjande å sjå at det er mykje ledig areal til slike i eller i tilknytning til Osøyro.


Det kan vera grunn til å prøva ei meir nyansert tilnærming, der ein vurderer på ny kva som skal reknast som «plasskrevjande handel», men også prøver å finna fram til effektive insitament for at både rimeleg store, men ikkje minst dei mindre verksemdene, søker seg inn mot tettstaden.

På den måten kan ein vonleg bidra til at det ikkje treng vera ein stor motsetnad mellom det å ha effektive handlesentra for ein del av handelen og samstundes ha tettstader med anna detaljhandel og gode miljø- og kulturkvalitetar.

§ 4 Behandling av søknad om samtykke

Jamført det som står som marknader ovanfor kan det vera naturleg å «strekke under» det som står i framlegget senn § 4. Her det vart opna for at Fylkesmannen, etter søknad, kan gje samtykke til å fråvika hovudregelene. Også her må det seiast noko om meir nyansert, heilskapleg vurdering.

Med helsing



Karl Ole Midtbø
Samfunnsutviklar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ikkje underskrift av leiur

ADRESSE

TELEFON

WEB/POST

BANK

Rådhuset

Sentralbord: 56 57 50 00

postmottak@os-ho.kommune.no

Bankgiro: 3201 48 863 88

Torggata 7

Telefax: 56 57 50 01

www.oskommune.no

Org.nr.: 844 458 312

Pb.84, 5202 Os

Dir. innval: 56575252